




03/26

Oktober

NMS Region Møre

Laila Karin Tusvik Helle
Regionkoordinator i NMS Møre



På veg inn i ein ny haust

Sommaren er slutt, og rundt om i Møre-regionen er det igjen tid for førebuingar til misjonsmesser, julemesser og andre samlingar som skaper fellesskap og engasjement for misjon. Desse arrangementa er viktige møteplassar som både samlar inn midlar til arbeidet vårt og gir høve til å dele tru, håp og engasjement med nye og gamle støttespelarar.

I år vil vi også løfte fram den nye «frivillighetskampanjen» til NMS, som set fokus på kor avgjerande frivillig innsats er for misjonen — både lokalt og globalt. Kampanjen inviterer fleire til å bruke gåvene sine og tida si, og viser kor mykje fellesskap, glede og kraft som ligg i det å bidra saman. Mange av dykk som står på i foreiningar, misjonsfellesskap, NMS Gjenbruk-butikkane og på Kjeldsund er allereie levande døme på dette. Innsatsen dykkar er heilt avgjerande for at NMS skal vere ein organisasjon som veks, ber, deler og inspirerer.

Vi er også glade for samarbeidet med kyrkjelydane som har misjonsavtale med NMS. Gjennom bøn, gjevarteneste og engasjement er dei med på å bygge sterke band mellom lokale kyrkjelydar og den verdsvide kyrkja. I år er det spesielt gledeleg at Den norske kyrkja og NMS har inngått ein ny nasjonal samarbeidsavtale som styrkjer det vidare samarbeidet om misjon og internasjonalt engasjement. Dette gir gode moglegheiter for vidare samhandling mellom kyrkja og NMS i tida som kjem.

Vi ynskjer alle Guds signing over hausten og lykke til med alle arrangementa rundt om som samlar menneske til fellesskap og engasjement for misjon. Takk for alt de bidreg med. Må hausten bli fylt av gode møte, glede og velsigning for mange!

INFO REGION MØRE:

Org.nr: 940 325 501
Konto for gaver: 8220 02 85057
Vipps: #10932

Adresse:

NMS Region Møre
Kongensgate 3, 6002 Ålesund
more@nms.no
www.nms.no/more

ANSATTE:

Laila Karin Tusvik Helle
Regionkoordinator NMS (100%)
404 06 060 - lailath@nms.no

Geir Sakseid

Rådgiver Midtøsten NMS Global (50%)
Misjonskonsulent NMS (50%)
922 58 714 - geirs@nms.no

Hilde Lervik Langås

Barne- og ungdomsarbeider NMSU (60%)
951 11 821 - hildell@nmsu.no
www.nmsu.no/more

Line Håberg Nedialkov

Barne- og ungdomsarbeider NMSU (40%)
906 42 449 - linehn@nmsu.no

Regionstyret

Leder: Olav Gading
918 46 026 - olav.gading@gmail.com

Leirsted

Kjeldsund
404 06 061 - booking@kjeldsund.no
Daglig leder: Eileen Gjerde

NMS GJENBRUK

Kristiansund 404 45 410
Molde 404 45 416
Myrvåg 404 45 417
Sunndalsøra 404 45 426
Ulsteinvik 458 75 016
Volda 474 50 117
Ålesund 474 50 278

Hjarteleg velkomen til ny medarbeidar i NMSU Møre

Vi ønsker Line Håberg Nedialkov hjarteleg velkomen som ny medarbeidar i NMSU Møre.

Line er tilsett i ei 40 % stilling og vil saman med Hilde Lervik Langås (60 %) utgjere NMSU-teamet i Møre. Line bur på Ellingsøy og til dagleg arbeider ho og som lærar ved Ellingsøy skule.

Vi gler oss over å få Line med på laget og ser fram til eit godt samarbeid i arbeidet for barn og unge i regionen. Vi ønsker henne Guds velsigning over tenesta og alt godt i den nye rolla.



30 år med misjon i hjartet

Etter 30 år i NMS går May Lisbeth Hovlid Aurdal av med pensjon. I dette intervjuet ser ho tilbake på eit rikt arbeidsliv prega av møte med menneske over heile verda, eit sterkt engasjement for samarbeid mellom NMS og Den norske kyrkja, og tru på misjon som noko vi DELER saman. I løpet av desse åra har ho vore ein god formidlar og ein brubyggjar mellom misjon og kyrkjelydar, og ei uredt stemme for at misjon fortsatt er relevant i vår tid.

Vi takkar May Lisbeth for den store innsatsen hennar og ser tilbake på erfaringar, møte og refleksjonar frå tre tiår i misjonen. Les heile intervjuet på nms.no/more



Kalender

Scan QR-koden for å få med deg alt som skjer i regionen



Følg også med på heimesida www.nms.no/more og sosiale medier

Søndag 20. sept.	Misjonsgudsteneste	11:00	Ulsteinvik kyrkje
Mandag 21. sept.	Misjonstreff	18:00	Bruhagen/Averøy
Onsdag 23. sept.	Inspirasjonssamling	19:00	Volsdalen menighetshus
Torsdag 29. okt.	Temakveld med foreinings jubileum	20:00	Ulsteinvik/Fredheim
30. okt. - 1. nov.	Strikkehelg		Kjeldsund
2.-4. nov.	Lefsebaking		Kjeldsund
Lørdag 7. nov.	Misjonsmesse	11:30 - 15:00	Ørsta
Lørdag 7. nov.	Julebasar	14:00	Kjeldsund
Lørdag 21. nov.	Julemesse/basar	12:00	Herøy kyrkje
Søndag 22. nov.	Misjonsfest	18:00	Sundgot bedeh/ Ulstein
Lørdag 5. des.	Julemesse	11:00 - 15:00	Grøa bedehus
Lørdag 7. jan.	Julefest	17:00	Kjeldsund

Potetballbuffét på Kjeldsund kvar torsdag t.o.m. 12. november

Det skjer på Kjeldsund

Potetballbuffé i spisesalen eller potetball til å ta-med-heim kvar torsdag kl.13.00-18.00 til og med 12. november

Lefsebaking 2.- 4. november. Vi inviterer deg som har lyst å lære lefebaking også

Julebasar lørdag 7. november kl. 14:00

Julefest lørdag 9. januar kl. 17:00



Strikkehelg på Kjeldsund, for glade strikkarar i alle aldrar!

Tid: 30. oktober – 1. november

Stad: Kjeldsund leirstad

Tema: Til ettertanke

Desse blir med:

- Cecilie Leinebø Thomas
- "Studio Lun" -strikkebutikk

I år kjem også Bergfruas Lapper på besøk som har eigen nettbutikk med salg av heimesydde varer. All inntekt går uavkorta til NMS

Hjarteleg velkommen!

Pris for heile helga inkl. måltid og oppreidd seng: kr.2450,- (einerom kr. 2750,-)

For meir info: Barbro Landmark tlf./SMS 920 90 174



Vil du være med?

Gjenbruk gir mening

- ✓ Bli del av et fellesskap
- ✓ Velg blant ulike arbeidsoppgaver
- ✓ Du bestemmer selv tiden du vil bruke

Kontakt oss på telefon: 40 40 60 00

